

Forslag om utvida vern av Smågevatnet naturreservat, Aukra kommune i Møre og Romsdal

Supplerende vern 2026





Oppsummering

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal foreslår å utvide Smågevatnet naturreservat til Småge naturreservat i Aukra kommune. Føremålet med utvidinga er å sikre viktige og trua naturverdiar som i dag er svakt representert i eksisterande verneområde, særleg kystlynghei, i tillegg til våtmark og tilhøyrande dyreliv.

Kvifor vern?

Området ved Småge omfattar ei av dei best skjøtta kystlyngheiane i regionen, klassifisert som svært høg verdi (A-verdi) og er nasjonalt referanseområde for nordvestnorsk kystlynghei. Kjerneområdet, eksisterande vern av Smågevatnet er det største ferskvatnet i kommunen, eit viktig våtmarksområde for fugl. Saman med omkringliggande kystlynghei utgjer det nye naturreservatet eit variert og samanhengande landskap med stor verdi for biologisk mangfald, friluftsliv og kulturhistorisk skjøtsel.

Kystlynghei er ein sterkt trua naturtype, avhengig av aktiv skjøtsel som beite og lyngbrenning. Utvida vern skal bidra til langsiktig og føreseieleg forvaltning av denne naturtypen.

Kva inneber forslaget?

Verneforma vidareførast som naturreservat (strengaste verneform etter naturmangfaldlova) og verneområdet blir utvida til å omfatte både land- og sjøareal, totalt om lag 5 000 dekar. Vernet skal ta vare på kystlynghei av nasjonal verdi, våtmarksområde, marine hekkeområde som er viktige leveområde for fugl, insekt og anna dyreliv.

Bruk og aktivitet i området

Målet er å kombinere vern og bruk. Beite, skjøtsel, jakt og fiske kan halde fram innanfor rammer i forskrifta og anna lovverk. Området er også delvis statleg sikra friluftsområde, og enkelt friluftsliv kan fortsette, samstundes som enkelte restriksjonar blir foreslått av omsyn til sårbart fugleliv, særleg i hekkeperioden. Det opnast for naudsynt unntak knytt til samferdsel, energi, tryggleik og eksisterande infrastruktur.

Prosess og medverknad

Varsel om oppstart blei kunngjort hausten 2024. Statsforvaltaren har hatt tett dialog med Aukra kommune, grunneigarar og ulike statlege etatar og fått inn åtte merknader, mellom anna frå fylkeskommune, Kystverket, Fiskeridirektoratet og Kartverket. Merknadene er vurdert og har ført til justeringar i avgrensing, forskrift og namn på verneområdet.

Vidare saksgang

Etter høyringa vil Statsforvaltaren saman stille og vurdere innspel og utarbeide endeleg verneframlegg. Så sendast saka vidare til Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet, før det blir fatta endeleg vedtak om vern ved kongeleg resolusjon.

Frist for innspel: 18.09.2026

Innhald

Oppsummering.....	2
Innhald	3
Bakgrunn og formål	4
Grunnlag for vern av kystlynghei	5
Lovheimel	7
Skildring av området.....	8
Våtmark.....	9
Fugl.....	9
Anna dyreliv	11
Kystlynghei	11
Skjøtsel	15
Restaurering	17
Andre interesser	18
Planstatus	19
Sakshandsaming.....	21
Sakshandsamingsprosessar	21
Skogkledde areal i verneplanprosessen	21
Samhandling interessepartar.....	23
Oppstartsmelding.....	25
Merknader til melding om oppstart av verneprosess.....	25
Endringar etter oppstartsmelding av verneprosess.....	28
Kjelder.....	29

Bakgrunn og formål

Bevaring av verdifull natur (supplerande vern) har sin bakgrunn i og er forankra i stortingsmeldinga Meld. St. 14 (2015-2016) "Natur for livet". Arbeidet med vern av naturverdiar i Norge er forankra i nasjonale målsettingar om å ta vare på et representativt utval natur for framtidige generasjonar, og vil være et viktig bidrag inn mot internasjonale avtaler som Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfald (Naturavtalen, 2023).

Ein naturfagleg evaluering av norske verneområde fant betydelege manglar ved verneporteføljen for naturverdiar i Norge (Fremstad et al., 2010). Som ei oppfølging av disse funna og Stortingsmeldinga "Natur for livet" (Meld. St. 14 (2015-2016)), fekk Miljødirektoratet i oppdrag av Klima- og miljødepartementet (KLD) i 2018, å finne areal som kan være aktuelle for vern med formål å bidra til å nå nasjonale mål for naturmangfald. På oppdrag frå Miljødirektoratet satt Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (den gang Fylkesmannen i Møre og Romsdal) i gang arbeid med å identifisere aktuelle områder som er egna til å oppfylle dei nasjonale måla for bevaring av verdifull natur. I februar 2019 leverte Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ei liste over 50 områder i samsvar med målsettingane og føringane for arbeidet. Miljødirektoratet sendte vidare si tilråding til KLD våren 2019. I 2021 starta Statsforvaltaren i Viken og Rogaland verneprosessar av små områder med vektlegging av lokal medverking der det var lågt konfliktnivå.

I 2022 fekk Statsforvaltaren i Møre og Romsdal i oppdrag å starte verneplanprosessar i både små og store verneområde. Fleire mindre utvidingar og supplerings av naturtypar som ikkje er godt nok ivaretatt i eksisterande vern blei starta opp. Samstundes starta Statsforvaltaren prosess med kommunar der det var aktuelt å utgreie mogleg nasjonalpark som ved Sunnmørsalpene i Ørsta kommune og Trollheimen landskapsvernområde i Sunndal og Surnadal kommunar.

I 2024 starta Statsforvaltaren i Møre og Romsdal prosess for mogleg utvida ven av Smågevatnet naturreservat i Aukra kommune. Innleiande hadde Statsforvaltaren møter med grunneigarane og administrasjon i Aukra kommune for å sjå på brukarinteresser, forslag til avgrensing, arealplan for sjøareal og verknader av eit vern. I forkant av oppstartsmelding hadde Statsforvaltaren ein presentasjon om naturverdiane og behovet for å ta vare på dette området, jamfør Stortinget si presisering om at arealbaserte verkemidlar er dei viktigaste for å ta vare på disse trua artane og naturtypene.

Oppstartsmelding blei kunngjort i Romsdals budstikke og Aukranytt i 27.09.2024, og varsel om oppstart sendt ut til grunneigarar, kommune og aktuelle interessentar lokalt og sentralt for området. Føremålet med verneprosessen er å verne naturverdiar som er underrepresentert i dagens verneområde og/eller områder i landet med lav vernedekning, jamfør mangelanalyse om vern (Fremstad et al., 2010). Ifølge Natur for livet - Meld. St. 14 (2015-2016) er dei negative påverkingane på våtmark, og de tilhøyrande artene og naturtypene, som oftast knytt til arealinngrep og arealbruk, i tillegg til forureining.

Føreslått utvida vern av Småge i Aukra kommune har som føremål å ta vare på ei av dei best skjøtta kystlyngheiane i regionen som er av svært høg verdi (A- verdi). Kystlyngheia her er eit nasjonalt referanseområde for nordvestnorsk kystlynghei. Smågevatnet er viktig som våtmarksområdet med den største førekomsten av ferskvatn i kommunen. Som hekkebiotop for fugl, er det tilbakegang i fleire artar og bestandar, så tiltak for å betre tilstand og kvalitet for fugl vil være ein del av vidare forvaltning av området. Smågevatnet naturreservat er vidare den mest artsrike lokaliteten for augnestikkarar i Aukra kommune, med åtte kjende artar knytt til Smågevatnet og brakkvasspollane. Området som heilskapleg system med varierte naturtypar gjer at areala blir nytta heile året, og det vil fylle ut viktige manglar ved verneporteføljen regionalt og nasjonalt. Området er også svært viktig for rekreasjon og friluftsliv som *Statleg sikra friluftsområdet*¹. Det er et mål å lage ein omforent forvaltningsplan for det konglomeratet av brukarinteresser og verdier som er her i dag slik at brukarar og forvaltning har ei felles målforståing og bevarer dei viktige verdiane.



Figur 1. Kystlyngheia på Smågeholmane er i god hevd. Her representert ved Kjølningen. Foto: Øivind Leren

Grunnlag for vern av kystlynghei

Kystlyngheiane er frå 2015 ein utvald naturtype heimla i eiga forskrift og naturmangfaldslova, sjå neste avsnitt. Denne naturtypen er i dag viktig på fleire nivå, frå artssamansetning og genetisk mangfald, til landskapsnivå ved at dei utgjer eit klart alternativ til omgjevnadane. Eit auka antall artar som ikkje er spesielt knytt til lyngheiane, men treng ope lende, finn her ein siste fristad etter kvart som andre ope areal i låglandet gror att eller øydeleggast.

¹ [Et statlig sikret friluftslivsområde](#) er et område som kommunen eller friluftsrådet har sikret gjennom kjøp eller bruksavtale for allmennhetens bruk, med støtte fra staten. Målet er å ivareta viktige friluftslivsområder og forvalte dem slik at de er tilgjengelige og attraktive, og flere får gode muligheter til friluftslivsopplevelser og -aktivitet.

Økosystemtenester frå kystlyngheiane

Kystlyngheiane er eit eksempel på eit ekstensivt drive kulturlandskap - ein semi-naturleg vegetasjonstype som treng skjøtsel for å bevarast. Marka er ikkje gjødsla eller oppdyrka, men er likevel eit resultat av samspelet mellom menneske, husdyr, planter, dyr og jordsmonn over lang tid som har skapt ein annan naturtype enn den som var her opprinneleg. Når samspelet sluttar, startar ei rekke suksesjonar i retning av noko heilt anna. Det er ein vanleg oppfatning at naturen no går tilbake til utgangspunktet, men i dei fleste tilfelle er det ikkje det som skjer.

Økosystemtenester er definert som naturens tenester eller nytteverdi. Dette kan lett oppfattast i eit antroposentrisk verdisyn som målast i nytteverdi for oss og i kroner. Dette er ikkje tilfelle då fleire av dei tenestene som til dømes lyngheiane leverer først og fremst har verdi for naturen sjølv.

Biologisk mangfald er grunnlaget for mange økosystemtenester og kan sjåast som ein økosystemteneste i seg sjølv. Genetisk mangfald og artsrikdom reknast av mange som naturtypens hukommelse og intelligens med stor betydning for den ibuande motstandskraft og utviklingsmoglegheita ved miljøendringar (Dieterich 2004). Tap av biologisk mangfald medfører soleis redusert evne til å møte framtidens utfordringar og tap av økologisk resiliens.

Vern av lyngheier

I EU har kulturbetinga lyngheier eit formelt vern ved at dei er oppført på lista over trua habitat i NATURA 2000². Ettersom Norge ikkje har slutta seg til denne traktaten, har ikkje dei norske kystlyngheiane nokon tilsvarande vern. Her til lands bruker vi Naturmangfaldlova der kystlyngheier har status som utvald naturtype - eit verkemiddel for å styrke statusen til naturtypen i arealplanarbeid samt økonomiske midlar for å stimulerer til hevd. Men dette verkemiddelet sikrar ikkje hevd eller at det ikkje blir nedbygd.

Småge som nasjonalt referanseområde, er basert på ei utveljing etter naturfaglege kvalitetar og realistiske moglegheiter for å få til ei framtidig drift av lokalitetane. Trugslar mot at naturtypen forsvinn er mellom anna;

- Naturleg attgroing grunna for lite/opphøyr av beite
- Skogplanting, først og fremst gran
- Invasjon av sitkagran (særleg) ved frøspreiing frå plantefelt
- Overflategjødsling og oppdyrking
- Nitrogenanriking i jordsmonn frå luft
- Nedbygging
- Klimaendringar

Staten (Direktoratet for naturforvaltning) sette i gang eit prosjekt i 2008 for å sikre drift på eit representativt utval kystlyngheier med følgande føremål: Norge har eit ansvar mht typar av

² Natura 2000 er et Europeisk nettverk for beskyttelse av naturområder for å ta vare på biologisk mangfald. Det er etablert under "EU's Birds and Habitats Directives" og omfattar "Special Protection Areas (SPAs)" og "Special Areas of Conservation (SACs)" som tar vare på viktige fugleartar og sårbare habitat og artar av fauna og flora. Natura 2000 er det største nettverket i Verden for å ta vare på naturområder med ein dekning på om lag 18 % av EU sitt landareal.

kystlynghei i forhold til resten av Europa. Prosjektet skal gje ei verdivurdering av disse, dokumentere status/tilstand og utvikling for norske kystlyngheier med tanke på skjøtsel/hevd, truslar bakover og framover i tid, anbefaling på kva ambisjonsnivået for Noreg skal vere (eit minimum) og fange opp dei viktigaste regionale forskjellane og de ulike økologiske gradientane. Der blei det vald ut tre områder i kvar sin del av Møre og Romsdal: Øyriket sør for Smøla, Smågeheiane og Sandsøya.

Lovheimel

Områdevern av særskilde områder og naturverdiar skjer i medhald av lov 19.6.2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova - nml). Verneområdet har som hensikt å bidra til måloppnåing om å ta vare på *«et representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar»*, jf. Miljømål 1.3, Norges Klima- og miljømål1 . Generelt vil områda, uavhengig av vernestatus, bidra til å bevare, jf. § 33 i nml.:

- a. variasjonsbredde av naturtypar og landskap
- b. artar og genetisk mangfald
- c. trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar
- d. referanseområder for å følge utviklinga i naturen

I nml kap. V er det heimla for å vedta fem ulike verneformer; nasjonalpark, landskapsvern, naturreservat, biotopvern eller marint vern, jf. §§ 35-39 i nml. Kongen i statsråd fastsett verneområde ved forskrift, jf. § 34 i nml. Verneforskrifta angir verneområdet sitt føremål, her under kva natur- og kulturverdiar vernet skal ta vare på og i kva for tilstand som ønskes oppnådd med vernet, verneområdets grenser, eigedomar og reglar om bruk av området.

I vurderingane av utviding av Smågevatnet som verneområde har den eksisterande verneforma som naturreservat, jf. § 37 i nml, blitt vidareført. Som vern etter nml er naturreservat den strengaste verneforma. Det følger spesifikke vilkår for at eit områdevern skal kunne forsvare et vern som naturreservat. Det følger av nml. § 37 første avsnitt:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a. inneholder truet, sjelden eller sårbar natur*
- b. representerer en bestemt type natur*
- c. på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold*
- d. utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller*
- e. har særskilt naturvitenskapelig verdi.»*

I tillegg så kan områder som ved fri utvikling eller aktiv gjenoppretting oppnå tilstand gitt i første avsnitt, være gjenstand for vurdering, jf. nml. § 37 andre avsnitt.

Ved utøving av offentlig myndighet skal dei miljørettslege prinsippa §§ 8-12, jf. § 7 i nml leggst til grunn. Det skal komme fram av avgjerdsgrunnlaget korleis prinsippa er vektlagt og tatt omsyn til i vurderingane av saka. I tillegg vil tiltak etter nml bli vege opp mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14 i nml.

Kunnskapsgrunnlaget for Småge, jf. § 8 i nml., skal «så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger». Eksisterande verneområde og omliggande utvalt naturtype blei første gang kartlagt i 1991, og seinare ved fleire høve i 2002, 2011, 2012 og 2024, sjå siste avsnitt om kjelder.

Dei formelle krava om vernestatus naturreservat er dermed oppfylt, jf. § 37 i nml. Kunnskapsgrunnlaget til høyringsdokumentet er henta inn via tilgjengelege offentlege data, f.eks. naturbase, Artsobservasjonar og Artskart, publiserte vitskapelege arbeid, tilgang til vitskapelege data og direkte kontakt med fagpersonar med høy kompetanse innan naturfagfelt.

Ved å verne om både naturverdiane og dei økologiske funksjonane desse gir ved Småge vil det bidra til å ta vare på og oppfylle forvaltningsmåla slik desse er festa i naturmangfaldlova for naturtypar og økosystem, jf. § 4 i nml., og for artar, jf. § 5 i nml. Kunnskapsgrunnlaget om artar, økologisk funksjonsområde, naturtypar og økosystem, samt korleis eit vern vil påverke disse naturverdiane er vurdert som god. Kravet om kunnskap er dermed regna som innfridd, jf. § 8 i naturmangfaldlova.

Utviding frå Smågevatnet til Småge naturreservat vil bidra med økt robusthet for kystlynghei i regionen gjennom både å bidra med økologiske funksjonar på staden og samstundes være ein del av et større nettverk av verneområde. Med dette vil eit vernevedtak ha ein positiv verknad på økosystema lokalt og styrke robustheita regionalt, jf. § 10 i nml.

Eit utvida vern ved Småge har ikkje negative påverknad på naturmangfald, og er dermed ikkje føre-var prinsippet, jf. § 9 i nml, relevant. Vi ser heller ikkje at § 11 eller § 12 i naturmangfaldlova har relevans, da et vernevedtak vil ha en positiv påverknad på naturverdiane i og rundt Småge.

Skildring av området

Område	Kommune	Naturtype	Verneform	Nytt Areal land og vann daa	Nytt areal sjø daa
Småge	Aukra	Kystlynghei	Naturreservat	3883	2550

Verneframlegget omfattar utviding av eit eksisterande verneområde der opprinneleg verneformål er våtmark og utvisingsforslaget omfattar kystlynghei. Eksisterande verneområde er ein viktig fuglebiotop til tross for tilbakegang i bestandar og artar. Vi vil likevel halde fram verneformålet for våtmark og forsøke lage eit meir robust vern gjennom denne prosessen. Utvidinga omfattar kystlynghei av nasjonal verdi med god hevd og eit referanseområde for norske kystlyngheier.



Figur 2. Smågevatnet naturreservat med omkringliggende kystlynghei. Bilete tatt med drone frå sjø mot aust ved utløpet til vatnet. Foto: Øivind Leren

Våtmark


Smågevatnet er det største ferskvatnet på Gossen. Sortland (2010) viser blant annet til at vatnet er/har vore fisketomt, mens lokalkunnskap viser at det er utsett fisk i periodar. Jordal (2002) har kartlagt Smågevatnet som ein rik kulturlandskapssjø med verdi svært viktig.

Vatnet er lite, grunt, vegetasjonsrikt og frodig med store snelle- og starrfelt, og med rikeleg flytebladsvegetasjon og undervassplanter. Artar som elvesnelle, grastjønnaks, andemat, mannasøtgras, soleinøkkeros og myrhatt er funne her. Rundt Smågevatnet er det helofyttsumpar, brakkvasspollar, der det er funne pølstarr, fjøresivaks, busttjønnaks, småsivaks og småblærerot. Busttjønnaks er ein raudlista brakkvassart. I myrtjønna ovafor er det funne grastjønnaks, småblærerot, tusenblad, hesterumpe og fjøresivaks. Omkring vatnet og sumpområdet er terrenget kupert med mosaikk av kystlynghei og myrarealer.

Det er eit restaureringspotensiale i utløpet av vatnet for å auke vasspegel og auke kvalitetar som habitat for fugl. Eit slikt prosjekt må vurderast uavhengig av denne verneplanprosessen da det ligg inne i eksisterande verneområde.

Fugl

Det er gjennomført ein rekke fugleobservasjonar i verneområdet med totalt 375 fugleobservasjonar i Artskart (Artsdatabanken 2025). Dei tidlegaste registreringane er frå 70-tallet og blir meir regelmessig dei siste 15 åra. Topografi og ferdselsforbod fører til at dei fleste observasjonane er frå austenden av vatnet og på sjøen. Det er ingen totalundersøkingar og generelt få data frå sumpområda i vestre deler av Smågevatnet.



Figur 3 Fordeling av fugleobservasjoner innenfor Smågevatnet naturreservat i Aukra kommune (Artsdatabanken 2025). Det er ujevn dekning, men tross alt litt årlige undersøkelser de siste 15 årene. Fra tidligere er det lite, men noe fra en periode tidlig på 1980-tallet ligger inne (1983-1984, dette er samtidig stort sett egne (Geir Gaarder), MU2025-43.

Totalt er det observert 76 fugleartar i området derav 25 er raudlista; lomvi (CR), bergand, dvergdykkar, krykkje, lunde og storspove (EN), 13 artar VU og 6 NT artar. Kartleggar vurderer artslista som ufullstendig da den ber preg av tilfeldige registreringar og lite undersøkingar om fugl opptre tilfeldig og kva slags funksjon området har for fuglelivet.

Fleire artar viser teikn til tilbakegang eller usikker hekkstatus i området da dei er basert på enkeltobservasjonar. Brunnakke, sothøne og toppand ser ut til å ha forsvunne som hekkefuglar, mens krikkand og stokkand framleis hekkar, men med redusert eller usikker bestand. Enkeltbekkasin, grågås, sivspurv og stokkand hekker truleg framleis, men utviklinga er uklar. Rovfugl som havørn og dvergfalk er observert og det tyder på at området framleis har funksjon som næringsområde. Dei siste tiåra har ein nesten ikkje observert sjøfugl ut over eit par storskarv, gråhegre og stormåker. Trenden er soleis sterkt negativ her, som for resten av sjøområda rundt Gossen.

Metodikken for fugleovervakinga har vore lite konform og tyder på tilfeldige observasjonar både i årstider og plassering. Talgrunnlaget er derfor ikkje godt nok til å fastslå faktisk tilstand, men gir oss ein indikator på utviklingstrekk. Fleire av dei trua artane som er registrert her er observert berre ein gong ofte frå 80- og 2000 talet. Fagrapport frå Miljøfaglig utredning frå 2024 tyder på at fleire trua artar ikkje lengre hekker her eller at dei er i tilbakegang. Dette heng sannsynlegvis saman med auka aktivitet i området ved og på vatnet i tilknytning til gapahuken, særleg på vår og forsommar. Samstundes viser kartlegginga at området framleis har ei betydning for fuglelivet. Som ferskvatn-biotop er Smågevatnet sjeldan på øyane i regionen og har potensial for å få tilbake fleire trua artar på sikt.

Skal vi få ei betre forståing av utviklinga og oversikt over artar og tilstand trengs det ei meir systematisk, langsiktig overvaking av fugl. Det vil også være viktig å vurdere tiltak for å skjerme leveområda for dei mest sårbare artane som historisk har hekka her.

Anna dyreliv

Hjort, rådyr, oter og mink er vanlege artar i eksisterande verneområde. Smågevatnet og brakkvasspollane er den mest artsrike lokaliteten for augnestikkarar i Aukra kommune, med åtte kjende artar som til dømes innsjøvannymfe.

Kystlynghei

Kystlynghei er eit av dei eldste kulturpåverka naturtypene vi har og blitt til gjennom skjøtsel i fleire tusen år. Ville plantar og insekt tilpassa seg og fasiliterer påverknaden frå lyngsviing og beitedyr. Stresst plantane vert utsett for med sviing og beitetrykk over tid har gjort at dei er blitt spesialistar på dette miljøregimet og nokon artar nokre stader regenererast deretter; i områda nord for Stad spirer røsslyng berre frå frø og ikkje vegetativt etter lyngsviing og frøspiring vert stimulert av røyk.

Det er den store variasjonsbreidda av typar lynghei som gjer dei så unike. Historisk sett har dei dekkja store areal av europeiske kyststrøk langs Atlanterhavet frå Portugal i sør til Norge i nord. Nord for Stad i Norge er den einaste plassen ein finn kulturbetinga lyngheier så langt mot nord, og det gjer at Norge har eit spesielt ansvar for å ta vare på desse naturlokalitetane. Totalt sett har meir enn 80 % av kystlyngheiane i Europa gått tapt og berre 10 % av Norges kystlyngheiar er att her i landet, som inneber at kystlynghei reknast i dag blant Norges mest trua naturtypar (sterkt trua). Som eit verkemiddel for å ta vare på resterande kystlynghei blei naturtypen ein utvalt naturtype i 2015, som gjer at arealstyresmakt skal ta ekstra omsyn i planlegging og nedbygging. Samstundes er svært lite av denne naturtypen sikra ved vern for framtida. Handlingsplan for kystlynghei er inne i si andre periode (2023 – 2037) med mål om å betre utviklinga for naturtypen. Verkemidla for å klare dette er enten tilskot til skjøtsel eller vern av områder slik at forvaltningsmyndigheita kan ta ansvar for at skjøtsel held fram. Småge er ein av 23 referanseområda for naturtypen grunna si gode hevd og lokasjon.

Lokalsjon er ein nøkkel til å forstå mangfaldet av kystlyngheier globalt og nasjonalt. Det biologiske mangfaldet i kystlyngheiane er ikkje knytt til høgare planter, men mangfaldet av gradientane som f.eks. nord-sør, øst-vest, tørt-fuktig, fattig-kalkrik-sur berggrunn, gjer at kystlyngheia er så mangfaldig i si utforming etter kor i landet/verden den ligg. Desse variablane i kombinasjon med mosaikken lynga er skjøtta i med ulike stadia av revegetering gjer rom for stort floristisk mangfald.

NiN-systemet deler kystlynghei i ulike typar etter gradientar for fukt og kalkinnhald i tillegg til naturtypenes hevdstatus og geografiske variasjon og ulike typar av lynghei (Fremstad et al. (1991), Fremstad & Kvenild (1993), Fremstad (1997) og Aarrestad et al. (2001)). Så mange gradientar og variablar seier noko om kompleksiteten av typar og kor tett desse er knytt til kulturpåverknad.

Tradisjonell hevd varierer også frå område til område. Grovt sett er metodikken å brenne/svi lyng i mosaikk, samstundes som andre delar blir beita heile året. Slik hevd er ei enorm forstyrning for vegetasjon og insekt og er avgjerande for å oppretthalde naturtypen i god stand.

Skildring av Kystlyngheia på Småge og holmane




Figur 4. Smågeheiane er godt skjøtta med både lyngbrenning og beite av utegangarsau. Foto: Hege Steigedal

Småge har lang tradisjon med god skjøtsel på kystlyngheia. Området for utvida vern inneheld intakt kystlynghei på Gossen omkring eksisterande verneområde, samt om lag 20 små-øyar og holmar. Området avgrensast av havet i nord, vest og sør og mot planta skog og innmark og infrastruktur i aust. Kystlyngheia her er første gang skildra og avgrensa av Fremstad et al. (1991). Koller og forseinkingar ligg i aust-vestleg retning og skråningar har sørleg/nordleg eksposisjon. Maksimal høgde over havet er 33 meter. Lausmassane er omfatta av morene og torv, med tynn lynghumus på ryggar og høgder og djupare jordsmonn i hellingane og torv av varierende djupe i

Røssøya (BN00000164, brakkvannspoller) og Småge ved småbåthavna (BN00000169, artsrik veikant). Av tre- og buskslag er det notert bjørk, einer, hassel, osp, rogn og ørevier (sjå også framande artar), men disse veks spreidd og lokaliteten er i all hovudsak åpen. Sør for vegen ble det også funnet villeple.

Artsmangfaldet er en relativt artsrik flora grunna differensiering i heityper og førekomst av varmekjære artar. Førekomstar av andre vegetasjonstyper enn hei auker artslista vesentleg. Innslaget av oseaanske artar er tydeleg, her finnes bl.a. blankburkne, vivendel og kusymre. Elles er det bl.a. notert blåklokke, fagerperikum, gulflatbelg, gåsemure, heifrytle, heisiv, heistarr, knerot, knollerteknapp, kornstarr, kystbergknapp, markjordbær, myrklegg, rundbelg, smalkjempe, storblåffær og teiebær. Nær strendene er det også funnet fjæresauløk, havbendel, havstarr, hestehavre, saftmelde, saltsiv, salturt, strandbalderbrå, strandkjeks, strandkjempe, strandkryp og strandstjerne. Heia er også viltområde med bl.a. havørn.»



Figur 6. Området er rekartlagt i 2024 etter NiN-metodikken i samband med revisjon av skjøtelsesplan. Lilla polygon merker kystlynghei av svært høg, høg og moderat kvalitet.

Etter NiN-metodikken er området delt i fire hovudutformingar, nord og sør for Smågevatnet, og sørvest og søraust for vegen. Nordlege del er kystlynghei av høg kvalitet med moderat tilstand og har følgande naturmangfald-skildring: «Storleiken er moderat (50-1000 daa), men artsamangfaldet hevast til stort fordi det finns røsslyng i både pionerfase og byggefase, det er registrert to kartleggingseiningar og det finns fire nær trua artar i lokaliteten. Heistarr ble funnet ved synfaring i 2024. På artskart ligg det registrering av tre andre nær trua artar; busttjernaks (1999), skruhavgras (1999) og russelærvokssopp (2021). Disse artene ble notert: røsslyng, heistarr, melbær, klokkeling, bjønnskjepp, tyttebær, blåbær, einstape, myrtistel, vektistel, svarttopp, knappsisv, lyssiv, tepperot, fuglevikke, geitsvingel, sølvbunke, gåsemure og strandkryp. I ei bratt sørvendt skråning blei det sett

hassel, rognasal og rogn. Mest dominerande attgroingsarter er bjørk og einer. På lokaliteten ligg det fleire semi-naturlege strandenger som er for små til å registrerast som eigne lokalitetar. Lokaliteten er kuttet av prosjektgrensen.»

For sørleg lokalitet er lokalitetskvalitet høg og tilstand moderat. Følgande naturmangfald skildring er gitt: *«Lokaliteten har middels størrelse (50-1000 daa), det finnes både pionerfase og byggefase, det er to kartleggingseiningar og det har blitt funnet to raudlista artar; heistarr og blåstarr. Samla gir dette stort naturmangfald. Noterte artar ved synfaring i 2024: røsslyng, heistarr, melbær, krekling, bjørneskjegg, tepperot, molte, klokkeling, geitsvingel, knappsviv, sølvbunke. Det er gjengroing med bjørk, furu, sitkagran, einer og vier. Lokaliteten er kuttet av prosjektgrensen.»*

Lokaliteten sørvest for vegen er kystlynghei av moderat lokalitetskvalitet og har følgande naturmangfald-skildring: *«Moderat naturmangfald på grunn av middels størrelse (50-1000 daa). Det ble ikkje funnet lyng i pionerfase eller byggefase. Det er registrert berre ein kartleggingseining sjølv om det finns innslag av baklihei og litt myr. Det ble funnet ein raudlista art; heistarr som er nær trua. I tillegg til røsslyng og heistarr blei disse artane notert: krekling, gauksyre, tepperot, blåbær, melbær, klokkeling, bjørnskjegg, geitsvingel, mjødurt, blåknapp, enghumleblom, storfrytle, rome, torvull, bjørnkam, kornstarr, smyle, lyssiv, knappsviv, stjernestarr, engfrytle, myrtistel, tyttebær, skogsnelle, kystbergknapp, fjærekoll, fjæresaulauk, kystbergknapp, finnskjegg, vanlig høymol, skrubbær, smalkjempe og tiriltunge. Bjørk var dominerande attgroingsart, men det fantes også einer og rogn.»*

Den fjerde lokaliteten ligg søraust for vegen og er kystlynghei av høg kvalitet med moderat tilstand. Skildringa er som følger: *«Naturmangfaldet er i utgangspunktet moderat da størrelsen er moderat (50-1000 daa), men hevast til stort da det er funnet to raudlista artar; heistarr (2024) og rødskivevokssopp (2014), begge nær trua. Det finnes ikkje røsslyng i pionerfase eller byggefase. Det finnes parti med baklihei, men dette er ikkje nok areal til å registrere to kartleggingseiningar. I tillegg til røsslyng og heistarr ble disse artene notert: melbær, tyttebær, blåbær, bjørnskjegg, tepperot, rome, klokkeling, krekling, bjørnkam, fuglevikke, skogstjerne, blokkebær, blåknapp, kvitmaure, fjølblom, skrubbær, skogstorkenebb. På berg nær sjøen ble det sett kystbergknapp. Gjengroingsarter er mest bjørk, men også nokre sitka, rogn, furu og einer.»*

Skjøtsel

I området ved Smågevatnet går det nå 65 villsau (vinter) i regi av Mork utegangar. På Røssøya ble beiting tatt opp i 1999, og her ble et mindre felt brent i 2005. Beitearealet har gradvis blitt utvida til dagens situasjon. Her gjennomførast no systematisk brenning av gammal lyng leda av Forum for Natur og Friluftsliv, ved Ingbjørn Bredeli i samarbeid med Aukra kommune og Molde brannvesen. Dyretallet kan gradvis aukast til ca. 100 dyr når kvaliteten på beitene blir god nok.

På Smågeholmene har det vært aktiv skjøtsel med brenning sidan 2005. Her var det aktiv drift med brenning og sommerbeite inntil 1960-tallet. Foreløpig er omtrent 50 dekar brent med god gjenvekst av ny lyng, og resten vil bli brent suksessivt. Øyene beites på heilårsbasis med villsau i

regi av Asbjørn og Espen Eikrem og Atle Husøy. Beitetrykket er i snitt ein vintersau pr. hektar, men i tillegg får sauene noko tilleggsfôr om vinteren.

Eit opphøyr av skjøtsel her vil ha store konsekvensar både for naturtypen kystlynghei som vil endre seg til noko anna, og for kvalitetane som finnes her for fuglelivet. Gror det igjen rundt Smågevatnet, så er risikoen stor for at dette blir redusert til et av flere områder som bare er av lokal betydning og som ikkje lenger har den funksjonen det hadde når det ble verna i 1988.




Figur 7. Skjøtsel med utegangarsau uavbrote heile året. Beitetrykket er ok, men kan aukast. Foto: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal




Figur 8. Lyngbrenning er ein årleg tradisjon ved Småge, både i eksisterande verneområde og utvidingsområde. FNF Møre og Romsdal har ansvaret for dette.

Restaurering

Det vil kunne være aktuelt å sjå på ulike restaureringstiltak for å betre habitat for fugl med å opne opp vasspegel da flyfoto viser ein attgroing av utlaupet. Eit slikt prosajet vil bli vurdert uavhengig av verneplanprosessen da dette er inne i eksisterande verneområde.



Figur 9. Ortofoto av Smågevatnet frå 1968. Her der ein eit meir ope vasspegel i utlaupsområdet enn kva det er i dag. Kjelde: Norgebilder.no



Figur 10. Ortofoto frå 2022 visar ei forsumping i utlaupet. Ei restaurering av habitat for fugl kan vere aktuelt her.

Andre interesser


Vi har lista opp nokre brukarinteresser vi ser finns i føreslått verneområde. Samstundes er eit av føremåla med høyringa å få innspel på bruk som er pågåande eller planlagt, som er relevant i forhold til ein verneplanprosess.

Utmarksbeite

Beite av kystlyngheia er avgjerande for at naturkvalitetane skal ha god tilstand og er soleis eit av hovudføremåla med supplerande vern ved Småge. Vi trur et vern som verkemiddel framfør tilskotsforvaltning av enkelte områder med kystlynghei er naudsynt for å spreie risiko for fråfall av skjøtsel. Ved å vernet området har Statsforvaltaren eit større ansvar for å te vare på område gjennom skjøtsel enn gjennom status som utvald naturtype. Ved forvaltningsplan og skjøtelsplan kan ein stimulere til langsiktig avtaler med beitebrukarane.

Statleg sikra friluftsområde

Delar av utvidingsforslaget og eksisterande verneområde har status som Statleg sikra friluftsområde.



Figur 11. Blå skravur er statleg sikra friluftsområde på omlag 417 dekar. Området forvaltest og eigast av kommunen med statlege midlar.

Med tanke på utvidinga er det ingen konflikhtar mellom bruk av området som statleg sikra friluftsområde og eit vern som naturreservat. Kystlynghei er ei skjøtselsavhengig naturtype og tråkk og aktivitet knytt til enkelt friluftsliv vil ikkje påverke verneverdiane negativt.

Men, med tanke på eksisterande verneområdet bør ein vurdere eit meir restriktivt bruk av vatnet i hekkeperioden, da den opplagt verker negativt inn på fuglelivet.

Privat eigedomsrett

Utvidingsforslaget inneheld offentleg grunn eigd av Aukra kommune og privat eigedom. I inneldande møter med grunneigarar har vi vist til planforslaget og ønskjer at grunneigarane kjem med innspel på kva dei har av planer for eigedomane sine. Som LNF-område i arealplan til kommunen og utvald naturtype som kystlynghei, er det avgrensa kva slags tiltak det kan opnast for. Dette skyldes en kombinasjon av tørt gress, gammel lyng, einer og skog, som er lett antennelig og brenner voldsomt. Effektiv skjøtsel av kystlyngheiane reduserer opphopning av brennbart materiale, noe som kan redusere samfunnets kostnader knyttet til brannslukking, samt tap av eiendom, biologisk mangfold og produksjonsverdi i brannsituasjoner.


Branntryggleik

Manglande skjøtsel og til dels attgrodd kystlynghei utgjør ein betydeleg brannfare, noko som blei tydeleggjort gjennom fleire store brannar på Frøya og Flatanger vinteren 2014, fleire brannar sommeren 2018, og i stor-brannen på Sotra i starten av juni 2021. Årsaka til auka brannfare er ein kombinasjon av turt gras, gammal, forveda lyng, einer og pionerskog, som er tek lett fyr og brenn valdsamt. Effektiv skjøtsel av kystlyngheiane reduserer opphoping av brennbart materiale, som kan redusere samfunnets kostnader knytt til brannsløkking, samt tap av eigendom, biologisk mangfold og produksjonsverdi.

Planstatus

Arealplan


Terrestrisk areal for utviding ligg inne i kommunen sin arealplan med formål som LNF. Eit vern med formål å ta vare på kystlynghei er foreinleg med dette.



Figur 12 Utsnitt av arealplan for Aukra kommune. Lys grønn farge indikerer arealformål innan Landbruk, natur og friluft.

Sjøplan

Føreslått utviding kjem ikkje i konflikt med føremål knytt til arealbruk i sjø.



Figur 13. Interkommunalt sjøarealplan viser at holmar er avsett til LFN-område og sjøareal avsett til «Fri» sone.

Sakshandsaming

Sakshandsamingsprosessar


Å utvide eit naturreservat etter naturmangfaldlova § 37 følger reglane i naturmangfaldlova §§ 41-43, og rundskriv T-2/15 (Klima- og miljødepartementet 2015). Statsforvaltaren skal gjennom saksbehandlingsprosessen sjå til at verneforslaget blir grundig utgreia, og med det oppfyller utgreiingsplikta etter § 37 i forvaltningslova. Det er frå departementet si side lagt stor vekt på at lokale mynde er innforstått med vernet og verneprosessen. Verneprosessen for områdevern følger i grove trekk skjemaet vedlagt regjeringas retningslinjer for verneprosess (figur 14).

Skogkledde areal i verneplanprosessen

Føremålet med dette vernet er naturtypar knytt til kystlynghei og maritime miljø ved kystslettelandskap med tilhøyrande artar og økosystem. Vi tok ei vurdering om det arronderingsmessig hadde vært gunstig å ta med leplantefelt for så å få skjøtte dette ut etter vernevedtak. Vi har vald å unngå å innlemme skogkledde areal i utvidinga da treslaga som står her er planta og ikkje stadeigne, og ikkje har noko biologisk verdi verken i denne verneplana eller skogvern.

Om vi skulle tatt med skogkledde areal på privateigd grunn ville det skje gjennom ordninga frivillig skogvern, med aksept frå grunneigar før kartlegging og oppstart og avtale om erstatning.

Skjematisk framstilling av saksbehandlingsprosessen etter naturmangfoldloven §§ 41-43



Figur 14 Sakshandsaming for områdevern etter naturmangfoldlova.

Samhandling interessepartar

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har lagt vekt på et tett samarbeid med Aukra kommune. I oppstartsfasa etablerte vi kontakt med nøkkelpersonar i kommuneadministrasjonen som har bistått oss i informasjonsarbeid i forhold til grunneigarar, kommunepolitikarar og gitt gode tilbakemeldingar på utforming av forslag for avgrensing og forskrift. Sjå lista for møtepunkt for dialog med ulike partar i samband med verneprosessen fram mot høyringsdokumentet (*tabell 1*). Det er ikkje avdekt store interessekonfliktar med vernet og det verkar vere ei felles interesse om å ta vare på området mest mogleg intakt og i hevd, med tilpassing i forhold til friluftsiinteressene.

Tabell 1 Dialogar gjennom verneprosessen fram mot høyring

Deltakar	Dato	Aktivitet	Formål
Aukra kommune	30.05.2024	E-post	Opprette kontakt
Aukra kommune	03.06.2024	Fysisk møte, Aukra rådhus	Kontaktpersoner i kommunen
Aukra kommune	14.06.2024	Teams-møte	Presentere oppdrag, prosess, bakgrunn og formål
Aukra kommune	14.06.2024	E-post	Notat frå møtet, presentasjon og shapefiler
Grunneigarar	juni-sept. 24	E-post og telefon	Lande møtetidspunkt for grunneigarmøte
Grunneigarar	09.09.2024	Grunneigarmøte, Aukra rådhus	Presentere oppdrag, prosess, bakgrunn og formål, skisse til arbeidsområde
Grunneigarar	10.09.2024	E-post	Presentasjon frå møtet
Aukra kommune	12.09.2024	Kommunestyremøte, Aukra rådhus	Presentere oppdrag, prosess, bakgrunn og formål, skisse til arbeidsområde
Allmennheita	24.09.2024	Varsel om oppstart på heimesida	Oppstartsmelding
Allmennheita	25.09.2024	Annonse i RB og Aukranytt	Kunngjering om oppstartsmelding

Deltakar	Dato	Aktivitet	Formål
Allmennheita	27.09.2024 – 01.11.2024	Oppstartsmelding	Varsle start på verneplanprosess
Aukra kommune	30.09.2024	E-post	Forslag til grense og mal for verneforskrift
Aukra kommune	16.10.2024	Teams-møte	Diskutere forskrift og avgrensing
Aukra kommune	17.10.2024	E-post	Notat frå møtet med innspelsutkast
Aukra kommune	28.10.2024	E-post	Innspel frå kommunen på forskrift og avgrensing
Aukra kommune	09.01.2024	E-post	Status i prosessen
Internt arbeid	Jan.-feb-25	E-post og møter	Avklare rekkefølge ift. revidert skjøtselsplan for UN, f. Plan for Statlig sikra friluftsområde mm
Aukra kommune	20.01.2025	E-post	Avklaring ift. Reguleringsplan ved småbåthavn
Landbruk Nordvest, v/ Maud Grøtta	13.05.2025	Teamsmøte	Samkøyring av revisjon av forvaltningsplan for UN og verneplanprosess
Aukra kommune	17.06.2025	Teamsmøte	Grense og forvaltning
FNF og Naturvernforbundet	03.09.2025	Fylkeshusa	Skjøtselshistorikk og risikovurdering av framtidig skjøtsel

Oppstartsmelding

Kunngjering av påtenkt verneforslag, jf. § 42, oppstartsmelding, blei publisert i Romsdals Budstikke og Aukra nytt 25. september 2024 og var ope for merknader fram til 1. november 2024.

Statsforvaltaren vil no gjennomgå merknader og innspel frå kommunen og utarbeide et verneframlegg. I den prosessen må vi avklare forholdet mellom verneområde og statleg sikra friluftsområde og forvaltningsplan for utvald naturtype.

Når plana er på høyring vil Statsforvaltaren ha dialogmøte med grunneigarar, kommunen, FNF Møre og Romsdal og beitebrukar for i samarbeid med Landbruk Nordvest lage skjøtselavtalar basert på revidert skjøtelsplan. Vi ønsker også å komme i dialog med lokale friluftsföreiningar og vel-föreiningar som bruker området for å integrere dei i arbeidet med forvaltningsplan til området. Verneplanprosessen opnar for innspelsmøter lokalt med interessepartar som ønsker det.

Prosessen vidare etter høyringsfrist er at Statsforvaltaren samanstillar fråsegn, og forfattar si tilråding om utvida vern ved Småge naturreservat. Statsforvaltaren si tilråding blir oversendt med alle fråsegn til Miljødirektoratet, som samanfattar si innstilling til Klima- og miljødepartementet. Vernevedtak blir fatta ved kongeleg resolusjon (figur 14).

Merknader til melding om oppstart av verneprosess

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal meldte om oppstart av verneprosess for utviding av Smågevatnet naturreservat den 25.09.2024. Det har i alt kom inn åtte (8) merknadar til oppstartsmeldinga.

Kystverket:

Siktemålet med utvidinga av Smågevatnet naturreservat er å best mogleg vareta området som eit økologisk funksjonsområde for fugl og kystlynghei, samstundes som dagens bruk kan halde fram utan å skade verdiane. For å halde trygg og sikker ferdsle i farvatnet er fyrlykter, lanterner, overrettar, stakar, jarnstenger, flytebøyer m.m. av vesentleg verdi. Kystverket har 12 slike installasjonar i det føreslegne utvida naturreservatet. For å forvalte desse navigasjonsinnretningane på ein rask, økonomisk og effektiv måte og til ein kvar tid å oppretthalde tryggleiken på sjøen er Kystverket avhengig av at arbeidet med nyetablering, fjerning og vedlikehald av navigasjonsinnretningar får nedfelt særskilde omsyn og løyve i verneføresegna til verneområdet. Til ein viss grad nyttar Kystverket helikopter i dette arbeidet og vi ser det føremålstenleg at føreseigna også legg føringar/retningslinjer for denne bruken.

Mattilsynet:

Vi har vurdert saken ut fra drikkevannshensyn, fiskehelse/fiskevelferd, dyrehelse/dyrevelferd, plantehelse og næringsmidler. Vi kjenner ikke til forhold som vil ha innvirkning på våre forvaltningsområder i dette området, og har derfor ingen merknader til saken.

Møre og Romsdal fylkeskommune:

Samferdsel: Den utvida grensa for verneområde er foreslått å omfatte delar av ferjefarleia til Småge ferjekai, som er ei viktig samferdselsåre for dei som bur og skal til/frå Ona. I utgangspunktet bør vernegrenser unngå å omfatte samferdselsårer som offentlege vegar og ferjefarlei, men dersom dette ikkje er mogleg å unngå så ber vi om at det blir innarbeidd eigne føresegn i verneplanen som opnar for unntak for tiltak knytt til samferdsel, som til dømes vedlikehald, istandsetting med meir. Vi kan opplyse om at det på vårt investerings-, samt plan- og byggjeprogram ligg inne at vi i næraste framtid skal gjere utbetringar med sjølve ferjekaia på Småge, og at det ligg inne i prosjektbeskrivinga at utbetring mellom anna inneberer ei ny tilleggskai. Vi ber om at det blir tatt inn i dei spesifiserte dispensasjonsreglane at ein etter søknad kan gi dispensasjon til naudsynte tiltak i forbindelse med tiltak for fv. 531 og ferjefarleia.

Automatisk freda kulturminne: Innanfor utviding av Smågevatnet naturreservat ligg dei ei automatisk freda gravrøys kulturminne-id 92102 Stongneset R8. Gravrøysa ligg på ein bergknaus om lag 30-40 meter frå vegen som går ned til ferjekaia. Røysa har eit tverrmål på 12 meter, og ein del stein er kasta ut av røysa. Den er kledd med lyng og busker i sentrum.

Vassforvaltning: Det utvida verneområdet vedkjem kystvassførekomstane Harøyfjorden og Grunnefjorden som er i God og Svært god økologisk tilstand. Innafor foreslått verneområde er det registrert fleire viktige ressurs- og funksjonsområde for marine artar. I området er det registrert gyteområde for torsk og rødspette, samt ein svært viktig førekomst av tareskog. I den grad vernet vil bidra til å beskytte desse viktige naturverdiane er det positivt for vassførekomstane og det biologiske mangfaldet. I tillegg til kystvassførekomstane omhandlar dagens verneområde Smågevatnet bekkefelt ID:NO106-32-R. Vassførekomsten omfattar Smågevatnet og er klassifisert i Svært dårleg økologisk tilstand. Status er satt med bakgrunn i tilstanden på botndyr og fisk i vassdraget. Vassdraget var opphavelig eit anadromt vassdrag, men oppvandringa er i dag hindra av ei gamal isdemning ved utløpet. Demninga fungerer som eit absolutt vandringshinder for større fisk. Det er vidare nyleg registrert ål i vassdraget.

Vassforskrifta set krav om at Smågevassdraget skal ha minst god miljøtilstand innan 2027. Ny verneforskrift og forvaltningsplan må i større grad enn i dag omfatte vassmiljøet. Dei biologiske funksjonane knytt til vassmiljøet i Smågevassdraget bør prioriterast i det vidare vernearbeidet, og følgjast opp gjennom overvaking og tiltak. Ber om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i det vidare arbeidet med vernet.

Fiskeridirektoratet:

Innafor den foreslegne utvidinga har vi registrert ei rekke interesser. Havforskingsinstituttet har registrert eit regionalt viktig gytefelt for kysttorsk som strekker seg innafor foreslått utviding. Vi har også registrert eit gyteområde for torsk og raudspette som ligg delvis innafor vernegrensa. Dette område overlappar i sin heilheit med ein fiskeplass for aktive reiskap kor det fiskast med snurrevad heile året etter både torskefiskar og raudspette. Vi har også registrert ein låssetjingsplass for sild med stadnamn «Rødsøyvågen», men plassen er registrert til å ikkje være i bruk i dag. Den ser også ut til å bli liggjande på utsida av vernegrensa slik den er foreslått. Innafor foreslått vernegrensa har vi registrert ein del spor etter krabbefiske (taskekrabbe) med teiner. Der er også mange spor etter teinefiske i området rundt vernegrensa. Fartøy under 10 m er ikkje

pålagt posisjonsrapportering, og for fartøy mellom 10 og 15 m er det foreløpig ikkje lange nok tidsseriar til at sporingsdata er brukbare som einaste kjelde til informasjon om fiskefartøyas arealbruk. Aktiviteten kan vere høgare enn det som reflekterast i sporingsdata. Foreslått utviding ligg i tarehaustefelt 277C (opent felt) og 278D. Vi kan ikkje sjå at det har vore hausta tare i område. I sjøkartet ser vi at det er registrert mange skvalpeskjær, og vi vurderer derfor området som lite attraktivt for framtidig tarehausting. Det er registrert ein større tareskogførekomst innafor grensa, verdsett som «svært viktig». Vi kan ikkje sjå at der er akvakulturlokalitetar innafor foreslått vernegrense. Vi kan på noverande tidspunkt ikkje sjå at forslaget om vern vil ha vesentlege verknader på fiskeri- og akvakulturinteresser i området. Vi legg til grunn at det ikkje vil bli lagt restriksjonar på eksisterande utøving av fiske som er strengare enn nødvendig for å ivareta verneformålet. Avslutning Fiskeridirektoratet støtter vern for å sikre naturmangfaldet, men samtidig er vi av den oppfatning at det skal være en balanse mellom bruk og vern, og meiner at vern ikkje må være meir omfattande enn nødvendig. Vi oppfordrar Statsforvaltaren til å ta omsyn til våre innspel i det vidare arbeidet med verneområdet.

Norges vassdrag og energidepartement (NVE):

Det er en nettlina på 22kV som krysser det foreslåtte verneområdet. Lina er eid av Istad Nett AS. I den foreslåtte utvidelsen av verneområdet så er det Elinett AS som er områdekonsesjonærer. NVE ber statsforvalter om å inkludere standardbestemmelsene for energi- og kraftanlegg i forskriften for å sikre drift, vedlikehold og oppgradering av linjen med tilhørende motorferdsel inn i verneområdet. Vi ber også for at Istad Nett AS blir inkludert i adresselisten til høringen. Vi ber Istad Nett AS og Elinett AS om å uttale seg om eksisterende og planlagte prosjekter i området og om det er eventuelt annet behov som ikke dekkes av de standard bestemmelsene. Vi ber om å uttale seg, selv i tilfeller uten konflikt.

Statnett:

Oppstart om utviding av Smågevatnet naturreservat i Aukra kommune berører ikke Statnett sine anlegg eller planer. Statnett har dermed ingen bemerkning til utviding av naturreservat i gitt området.

Språkrådet:

Me skjønar det slik at det aktuelle vatnet kjem til å bli ein av dei viktigaste naturlokalitetane òg i det utvida reservatet. Området vil omfatta alle øyane, holmane og landpartia som omkransar ei bukt som ber namnet Teistholmbukta. Namnet Teistholmbukta vil difor vera rimeleg godt dekkjande for heile området. Primærnamnet Teistholmen er knytt til ein holme som ligg nær sagt midt i bukta. Me rår statsforvaltaren til å vurdere å la området få namnet Teistholmbukta naturreservat. I SSR er skrivemåten Teistholmbukta registrert som ei eineform.

Kartverket:

Smågevatnet er vedteken skrivemåte og sånn sett korrekt. Men etter utvidinga av området er ikkje namnet like dekkande for området, så statsforvaltaren bør vurdere eit nytt namn. Det ser ut til at hele verneområdet ligg på gnr. 4 Småge sin grunn, og de skriv om området Småge i oppstartsmeldinga. Det kan dermed sjå ut som Småge er eit dekkande namn på det utvida området. Småge er godkjend skrivemåte.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren har laga forslag til Forskrift for utvida verneområde som vil ta omsyn til forvaltning av navigasjonsinnretningane (Kystverket), og samferdsel knytt til fv. 531 og ferjefarleia. I tillegg har vi lagt inn ei buffersone på 10 meter frå vegskulder på kvar side av fv. 531. Automatisk freda kulturminne er standardisert i verneforskrift som unntak av vernereglane. Eit føremål med utvida vern er å betre økologisk tilstand også i vatnet og ei forvaltningsplan vil beskrive nærare tiltak for å imøtekomme krav til tilstand. Pågåande fiske og fangst som regulerast av andre lovverk vil ikkje bli merka av utvida vern. Når det gjeld nettlinje på 22kV vil standard-unntak i forskrift følgje. Vi tar Språkrådet og Kartverkets sine merknader til etterretning og endrar verneområdet sitt namn frå Smågevatnet naturreservat til Småge naturreservat.

Endringar etter oppstartsmelding av verneprosess

Etter oppstartsmeldinga, datert 23.09.2024, har Statsforvaltaren vært i fleire dialogmøte med Aukra kommune om avgrensing og verneforskrift. I utgangspunktet var føreslått namn på nytt verneområde Smågevatnet slik det eksisterande verneområde. På bakgrunn av innspel frå Språkrådet/Kartverket og Aukra kommune er namnet endra til **Småge naturreservat**.

I tillegg er det gjort justering av grensa til undersøkingsområdet som ble presentert ved oppstartsmeldinga. Endingane omfattar betre arrondering rundt holmar og skjer, og det er tatt med kystlynghei nord og sør for fv. 531 etter dialog med Aukra kommune og fagleg innspel frå kartleggar.

1. Få med mest mogleg samanhengande kystlynghei
2. Følge eigedomsgrenser i utmark
3. Buffersoner rundt bustad- og hytter
4. Mest mogleg rette liner
5. Buffersone på ca. 10 meter frå vegskulder på begge sider av fv. 531
6. Buffersone ift. reguleringsplan (småbåhamn)
7. Buffersone rundt holmer og skjer for å styrke freding av sjøfuglhabitat
8. Grensa ut leplantefelt med framande treslag

Totalt inneber grenseendringa at 898 dekar er innlemma i ny avgrensing. Av det nye arealet er 530 dekar sjøareal.

Forvaltningsstyresmakt

Aukra kommune må gjennom høyringa ta stilling til om dei ønskjer forvaltningsstyremakta over verneområdet eller om dykk ønskjer at Statsforvaltaren hald fram forvaltningsansvaret.

Kjelder

- Fremstad, E., Aarrestad, P. A. & Skogen, A. 1991. Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. - NINA Utredning 029: 1-172
- Jordal, J. B. 2002. Kartlegging av biologisk mangfald i Aukra kommune. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 2-2000. 104 s. + kart. ISSN 1501-0449. ISBN 82-92007-02-4.
- Kaland, P. E. & Kvamme, M. 2011. Kystlyngheiene i Norge - kunnskapsstatus og beskrivelse av 23 referanseområder. Vedlegg 2 s 63-187 I: Faggrunnlag for kystlynghei - med sikte på utvelging til utvalgt naturtype.
- Jordal, John Bjarne 2012. Supplerende kartlegging av naturtyper i Aukra kommune i 2011. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport 2012:02.
- Rapport MU 2025-43, Forekomst og forvaltning av våtmarksfugl i Smågevatnet Nr m.fl.
- [Brannfare i kystlynghei – SSB](#)

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | sfmrpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/mr

